

Referat SFO møte 25.11.20:

SAKLISTE: Møteleiar: Svenn Kåre Liodden, viddevakt: Karl Petter Østensen

Klokka 18.00 – 19.15.

1. trinnet	Helene Vikene	X
2a	Anette Angeltveit Thoresen Kristin Sundfør	X
2b	Trond Harald Hystad	X
3a	Nelly Karin Særsten Oma	X
3b	Ingvild Grov Skulstad	X
4a		
4b	Svenn Kåre Liodden	X
5a	Kristine Aasheim Imsland	X
5b	Karl Petter Østensen	X
6a	Vivian Eide	X
6b	Hildegunn Gaustad	X
7a	Ina Marie Sagen-Roland	X
7b	Ingebjørg Grøsvik	X

08/20 - 21: KOMMENTARAR TIL SISTE REFERAT

Me hadde ein lite diskusjon i FAU gruppa om kor vidt ein burde bruke tid på ein fullstendig gjennomgang av referat frå førre møte kvar gong. Sidan det berre er satt av ein time til FAU møte, vart me einige om at gjennomlesing av referatet bør den enkelte FAU medlem gjera på eiga hand så snart dette føreligg. Eventuelle manglar eller kommentarar til referatet kan då sendast inn til sekretær/styreleiar slik at dette kan korrigeras. Då vil me få eit grundig og godt referat som enkelt kan verta vedteke ved neste FAU møte.

Det var ein kommentar til førre referat - det gjekk på kor vidt også Kristine Aasheim Imsland skulle stå som trafikkrepresentant sidan ho var i gruppa også i fjar. Kristine sa ho gjerne kunne bidra, men at det kanskje var naturleg med ein person frå Ådlandsdelen av skulekrinsen som ein eventuell 3.person til dette vervet.

Styreleiar hadde også eit spørsmål om kva FAU tenkte om at rektor Pål Helland var til stades under møta i FAU? Me vart einige om at så lenge dette ikkje kom i konflikt med innhaldet i sakene som skulle tas opp så var dette ein god ide.

Vedtak: Me beheld punktet om referatgjennomgang som første punkt på møta, men kjem ikkje til å lese gjennom heile referatet kvar gong. Eventuelle innspel eller spørsmål til referatet vert skrive ned og følgd opp.

Referatet frå førre møte vart så vedteke.

09/20 - 21: SKATEPARK

FAU-leiar har ynskje om å starta opp arbeid med skatepark som eit mogleg nærmiljøanlegg, men vil gjerne at eit slikt arbeid vert forankra i eit formelt FAU vedtak før prosessen byrja.

Me hadde ein liten runde på dette i plenum og FAU vart samd i at dette var eit bra initiativ som me burde gå vidare med. Alle var einige om at utemiljøet kunne trenge eit løft. Det er her snakk om eit anlegg for både sparkesyklar, rullebrett og BMX-syklar.

FAU-leiar har ein del kontaktar som har vore involvert i bygginga av slike parkar på austlandet, og ville sjekke litt rundt prosessen dei var gjennom for å bygge skatepark der. Det er i første omgang snakk om å få ei grov prosjektskisse på kva som må på plass for å kunne realisere noko liknande på Hystad.

Det kom ein del innspel om korleis ein eventuelt kunne søkje om midlar hos lokale verksemder, tippemidlar eller liknande for å få til noko sånt, men då må ein først ha ei grov prosjektskisse å kunne vise til. Det vart nemnt at også fotballbana burde vore utbeta i samband med dette prosjektet, eller utreia som eit eige prosjekt.

Vedtak: Eit samla FAU styre ville at styreleiar skulle gå vidare med ideen om ein skatepark og starte prosessen med å få ei grov prosjektskisse på plass.

Sak til neste gong. Ta opp igjen sak om fotballbane rehabilitering.

10/20 - 21: IDEDUGNAD – KAN FAU BIDRA TIL Å BETRA UTEMILJØET TIL ELEVANE

Leikeapparat, vedlikehald, alternative leikeområder

FAU diskuterte med rektor om kva borna dreiv med i friminuttane i dag. Det var aktivitetar som sykling, fotball, reiling og klatring i klatrestativ.

Det kom opp nokre idear som at ein burde lage ein «Tarzanløype» også på Hystad. Elevrådet burde vore ein naturleg stad å spørje her, for å få identifisert kva borna sakna av aktivitetar.

Eit anna godt initiativ som kom opp var at ein kunne arrangere ein årleg dugnadsdag på vårparten, der foreldre kan bidra med det dei er gode på. For å få mest mogleg ut av ein slik dag bør nokon i forkant av dugnaden identifisere heilt konkrete prosjekt som skal utførast, så kan foreldra melde seg på dei jobbane der dei er meste kompetente til å delta. I følgje rektor kan då skulen disponere ein liten pott med midlar som kan nyttast til innkjøp av enkle materiell som trengs.

Vedtak: Alle med interesser i uteområdet på Hystad bør tenke på idear og melde disse inn til rektor eller sine FAU-kontaktar. Dugnadsdag er ein god ide, men det fordrar at nokon identifiserer kva som må utførast i forkant og organiserer arbeidet på sjølve dagen.

11/20 - 21: STIFTA FOREINGA “FAU HYSTAD SKULE”

Bankonto. Disponentar; FAU-leiar, FAU-nestleiar, kasserar.

Elevrådet, underutvalg av FAU. Eigen bankkonto. Disponentar; elevrådeslærar, FAU-leiar, FAU-nestleiar, kasserar.

Status her vart presentert av rektor Pål Helland:

Organisasjonsnummeret er på plass og i orden. Alle medlemmene frå FAU må på plass i Altinn. Foreininga «FAU Hystad Skule» får dessverre ikkje vera med i «frivillighetsregisteret» på grunn av at FAU er ei lovpålagt oppgåve frå eit kommunalt organ. Reint praktisk inneber det mellom anna at foreininga ikkje kan stå som mottakar av grasrotmidlar frå Norsk Tipping.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning.

12/20 - 21: PROSJEKT HJARTESONE

Info frå rektor og trafikkgruppa i FAU.

- Skilt, finansiering og plassering
- Korleis involvera elevane i Hjartesone-arbeidet

Status per i dag:

Trafikksikring er på agendaen – eige mål på vekeplanen (nytt kvar månad) for å auke fokus på dette. Rektor har dialog med kommunen sin trafikksikringsrepresentant. Stord kommune har sagt at dei skal finansier hjartesoneskila. Sjukehuset, trafo ved Vinkelen og busshaldeplassen ved Prestegardsskogen er førebels utpeikt som hjartesonepunkter kor slike skilt skal plasserast. Rektor har sendt mail om dette, men førebels utan svar.

Trafikksikringsplan sendt til Siri Marie Erland og kommunen sin trafikksikringsrepresentant. Trygg trafikk har heller ikkje svart. Det gjenstår med andre ord litt «purrearbeid» på manglande svar her og der, men dette skulle rektor ta vidare.

Det er ikkje satt noko dato for «Kick-off» enda, her må trafikkrepresentantane frå FAU og rektor finne eit eigna tidspunkt. Lærarane har også diskutert korleis ein skal arbeide med hjartesonar. Korleis opplev elevane dette? Korleis oppfattar dei konseptet med hjartesonar?

Ina Marie Sagen Roland hadde gode nyheter – Vestland fylke har tildelt 49 500 kr til trafikksikringstiltak på Hystad skule som følje av søknad som vart sendt av fjarårets trafikk-gruppe. Pål Helland kunne også meddele at statusen som ein trafikksikker skule også hadde utløyst midlar til to nye pakkar med «Sykkel Kids», så arbeidet ber frukter.

Vedtak: Trafikkgruppa og leiinga ved Hystad skule jobbar vidare med å forankre Hjartesoneprosjektet blant elevar og tilsette, samt prøver å finne eigna tidspunkt for endeleg «Kick-off» for prosjektet.

13/20 - 21: MITT VALG – LIVSMESTRINGSPROGRAM (jmf FAU-referat frå våren 2020)

Plangruppa på Hystad skule har kikka på livsmeistringsprogrammet “Mitt valg” som eit supplement til §9A-arbeidet ved skulen og ynskjer uttale frå FAU. “Mitt valg” er eit internasjonalt Lions-program, er godkjent av Utdanningsdirektoratet og har 30-års erfaring med dette arbeidet. “Mitt valg” blir 2/3 finansiert av Lions.

<https://www.determinittvalg.no/skole/>

MITT VALG er et livsmestringsprogram med fokus på sosial og emosjonell læring, psykisk helse, kritisk tenkning og faglig utvikling. Trygghet er en av våre grunnleggende verdier og vi legger stor vekt på å skape trygghet både for deltakere på våre kurs og elevene i klasserommet. MITT VALG-programmene for skole består av over 100 digitale undervisningsøkter som er høyaktuelle i forhold til fagfornyelsen med spesiell vekt på det tverrfaglige temaet «Folkehelse og livsmestring».

Rektor hadde lese referat frå fjarårets møte i FAU der det vart fremja eit ønske om at skulen burde sjå seg om etter eit anna program for arbeid relatert til opplæringslova § 9A. Han fremja derfor forslag om at FAU burde kikke på Lions sitt program for livsmeistring «Mitt val». Dette er eit nyare og heildigitalt program for elevane. Ulike modular med mål om å utvikle sosial – og emosjonell kompetanse. Bygge sunne relasjonar og vennskap. Dele erfaringar og oppleve inkluderande lærings – og fritidsmiljø.

Formålet er å gi borna kompetanse til å stå trygt i eigne val. Der verdiane baserer seg på empati, respekt og tryggleik.

Programmet kostar kr 45 000 for 3 år. Instruktør og oppfølging av denne i heile perioden. Lions Tulipan fond bidreg med kr 15 000, Lions Stord bidreg med 15000 og skulen må sjølv bidra med kr 12 000. Opplegget er godkjent av Utdanningsdirektoratet og oppdatert i høve til lovverk og reglar. Vil då bli ein integrert del av undervisninga.

Kan få ei veke «prøvetid» for å få vurdert innhaldet i programmet.

Vedtak:

FAU er positive til ideen, men vil gjerne kikke på innhaldet i programmet før me tar stilling til om det bør innførast eller ei. Rektor skulle gå vidare med å få aktivisert ein prøveperiode for å få tilgang til «Mitt val» i sin heilskap.

14/20 - 21: KORONASITUASJONEN VED HYSTAD SKULE

Rektor orienterte om koronasituasjonen og smittevernplanen til Hystad skule.

I dag er status «Gult nivå». Hystad skule har laga ein detaljert plan for alle typar nivå/scenario.

Gult nivå inneber i praksis fokus på avstand og handhygiene.

Eit trinn er inndelt i to kohortar. Kan ha friminutt i lag. Friminutt på ulike tidspunkt mellom dei ulike trinna.

Vedtak: FAU tek orienteringa til etterretning.

15/20 - 21: TILSKUDDSPORTALEN

Rektor orienterer om FAU sine moglegheiter til å nytta «Tilskuddsportalen»:

http://www.tilskuddsportalen.no/?gclid=Cj0KCQiAhs79BRD0ARIsAC6XpaVGOfZIXnhbZTYFK1jXiibbUksnCYezyecK7ZGjqP62ll2bmo7nR-YaAnDzEALw_wcB#/

Dette er ei digital samling av diverse fond og legat som kan søkjast på. Det vert arrangert eigne kurs i regi av «Tilskuddsportalen» ein gong i året, slik at ein kan lære seg å søkje på best mogleg vis. Her kan ein søkja om både store og små summar til diverse formål.

Vedtak: FAU tek orienteringa til etterretning. FAU-leiar ville kikke på denne og oppmoda også andre i FAU å kikke på dette ved høve.

16/20 - 21: KOMMUNIKASJON SKULE – HEIM

Korleis ynskjer FAU at skulen skal kommunisera med føresette?

Meir digitalisert informasjon?

Me hadde ein open diskusjon mellom rektor og FAU der me var innom ulike kommunikasjonsformer som «Hystadlappen», transponder, e-post, Instagram og Facebook? Det er ikkje heilt enkelt å finne ei felles plattform for informasjon frå skule ut til føresette.

Det vart nemnt at ei digitalisering av «Hystadlappen» kunne vera lurt. Referat frå FAU på heimesida til skulen vart også nemnt som positivt. Dette vil kunne lette vårt arbeid i FAU med å gi tilbakemelding til klassen vår om arbeidet som skjer i FAU.

Vedtak:

FAU vart einig med rektor om at kommunikasjon mellom skule og heimen burde vera eit fast punkt på møta våre framover. God kommunikasjon er veldig viktig, men me må gjerne prøve oss fram litt her og evaluere underveis.

17/20 - 21: YMSE

- Teieplikt vikarar – presisering via Transponder?

Usikker på om me rakk dette punktet? Skal det flyttast til neste møte eventuelt?

Andre saker meldt inn frå foreldre via FAU-kontaktar:

Er bemanningen tilstrekkelig i disse Covid 19 tider?

Ja – bemanninga er styrka i seinare tid seier rektor. Hystad har meir bemanning enn det som er kravet i høve til gjeldande reglar. SFO er mellom anna styrka med 1-2 ressursar.

Kva er reglane om fravær pga luftveissymptomer som følgje av Covid-19?

Rektor svara at det alltid ville vera gyldig fraver så lenge foreldra har gitt beskjed til skulen om fraværet. Ingen skal bli skadelidande om dei er heime som sikringstiltak for å unngå å smitte andre.

Garderobe omgjort til grupperom:

5 klasse garderober er gjort om til grupperom og då blir det litt vanskeleg for einkelte å gå på do i skuletida. Dette vert overført som ei sak til Skulemiljøutvalget.

Hærverk på syklar og informasjon om dette til elevar:

Pål Helland kunne informere om at dei hadde tatt ein runde i alle klassane for å snakke om dette fenomenet. Ein representant i FAU viste til at ein på ein annan skule hadde vald å gå ut med åtvaring i brevsform knytta til slikt hærverk.

Forlag til sak til neste møte:

Ønsker om diskusjon rundt SFO. Budsjett. Innhold og form. Vert sett opp på neste møte.